

AUSTRHEIM KOMMUNE
Sætre marka 2
5943 AUSTRHEIM

Dato	01.07.2022
Vår referanse	2022/67060-1
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	Helge Dyrkolbotn
E-post	Helge.Dyrkolbotn@vlfk.no
Telefon	94009573

Søknad om tiltak utan ansvarsrett

Austrheim vgs søker med dette om å få setja opp eit drivhus på eigen tomt ved skulen.

Bakgrunn

Hausten 2022 startar skulen opp eit nytt tilbod vg1 Naturbruk og hausten 2023 vert dette fulgt opp med vg2 Akvakultur. I læreplanen for denne klassen står det mellom anna at elevane skal lære om dyrking og stell av plantar, difor vert det naturleg å få på plass eit solid drivhus. Bærekraft og livsmeistring er og to sentrale områder i alle læreplanane skulen jobbar etter, og difor vil det vera naturleg å bruke drivhuset også innan andre fag og klassar.

Størrelse

Drivhuset har BYA 22,2 m2 og BRA 20,3 m2. Mønehøgde er 3, 14 m.

Plassering av drivhuset er teikna inn på vedlagt ortofoto (NB! Ikkje målsatt). Plasseringa er gjort for å ha nærleik til skulen, noko som gjer det lettare å få lagt inn straum.

Grunnarbeid og bygging vert gjort av skulen sjølv. Grunnarbeid er det vg2 anleggsteknikk (ny linje frå hausten 2022), og bygging er det vg1 bygg- og anleggsteknikk og vg2 tømrrarklassen stå for. Dette vil vera svært flott trening/praksis for elevane våre.

Vi ser på det som ei styrke for skulen å ha eit godt og tenleg drivhus til disposisjon, og det er eit ledd i å gjera skulen enno meir attraktiv for ungdommane i regionen vår.

Nabovarsel er sendt ut til naboar 01.07.22

Med helsing

Helge Dyrkolbotnavdelingsleiar

AUH - Avd. Yrkesfag (HO/BY/TIP)

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Teikning
- 2 Situasjonsplan
- 3 Situasjonsplan 2
- 4 Nabovarsling
- 5 Søknad utan ansvarsrett

